

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/03/138

av 7. mai 1999

om godkjenning av dei planane som Tyskland har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Baden-Württemberg og Rheinland-Pfalz(*)*[meldt under nummeret K(1999) 1177]*

(Berre den tyske teksta er gyldig)

(1999/335/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA
HAR –med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
fellesskapet,med tilvising til rådsdirektiv 80/217/EØF av 22. januar 1980
om innføring av fellesskapstiltak for kontroll med klassisk
svinepest⁽¹⁾, sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike,
Finland og Sverige, særleg artikkel 6a nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Det har vore utbrot av klassisk svinepest hjå viltlevande
svin i to område i Baden-Württemberg og Rheinland-Pfalz
i Tyskland.
- 2) Dei tyske styresmaktene har lagt fram planar for utrydding
av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei aktuelle
områda i Baden-Württemberg og Rheinland-Pfalz.
- 3) Dei nemnde planane er vortne granska og funne å vere i
samsvar med føresegnene i direktiv 80/217/EØF.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar
med fråsegna frå Det faste veterinærutvalet –

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*Dei planane som Tyskland har lagt fram, for utrydding av
klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Baden-Württemberg
og Rheinland-Pfalz er godkjende.*Artikkel 2*Tyskland skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er
naudsynte for å gjennomføre dei planane som er nemnde i
artikkel 1.*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til Sambandsrepublikken Tyskland.

Utferdta i Brussel, 7. mai 1999.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 126 av 20.5.1999, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 41/2001 av 30. mars 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 30 av 14.6.2001, s. 32.

(1) TEF L 47 av 21.2.1980, s. 11.